



MK LINHOLM er flytta frå Uskedalen til Tælavåg. Bilete syner reisa gjennom Storsund.

**For ei veke sidan vart MK LINHOLM ( 52 fot ) flytta frå Beinavikjo til Tælavåg i Sund kommune. Hardangerkutteren LINHOLM, bygd i Kvinnherad 1920, kom frå Sagvåg til Uskedal Trelastlager sin kai for eit halvt år sidan. Arbeidet med renoveringa var godt i gang, men hamnetilhøva var ikkje dei beste. Vind frå nord og nordvest med slag mot kaien var årsaka til at fartyet vart flytta til Sund. Nokre ungdomar i Tælavåg var dessutan klar for å vera med på det vidare arbeidet med oppussing.**

Kjell Lie og Per Ingebrigtsen er eigarar av MK LINHOLM i dag. Før det hørde fartyet til Agasøster Transport og hadde hamn i Sagvåg på Stord. Mange kvinnheringar kjenner LINHOLM i den tida Jim Hjelmeland frå Herøysundet var eigar.

Byggeåret er 1920, men det er uklart om byggeplassen er Rosendal, slik det står i skipspapira. Det kan like godt vera Svoldal eller på Løfallstrand. Fyrste eigar var Odd Bøe og namnet den gong var JARLEN, registrert med SF - 6 - NV. Ragnar Kvalheim kjøpte fartyet i 1951 og var eigar fram til 1963. Neste heimehamn var Måløy.

Frå byggeåret 1920 gjekk LINHOLM med ein 42 Brunvoll. Ny motor kom på plass i 1968, 50 HK Wichmann. Ny motor enno ein gong i 1987: 210 HK Volvo Penta diesel.

MK LINHOLM gjekk stort sett for eigen maskin frå Uskedalen til Sund. Fylgjebåt gjekk ved sida. I tre knops fart tok turen 15 timar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Øystein Enæs